

Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: onsdag 28. juni 2023 09:08
Til: post@trondmartenssivilarkitekt.no
Emne: Trong for tilleggsdokumentasjon søknad om dispensasjon og rammeløyve for einebustad - gbnr 323/569 Frekhaug
Vedlegg: nabosamtykke.-erklaring-om-avstand. (1).pdf

Til Trond Martens

Vi viser til dykkar søknad samt vårt skriv datert 21.06.2023

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå grad av utnytting samt frå regulert byggegrense i samband med planlagd bustad på eigedom gbnr 323/569.

Ut i frå opplysningar gjeve i matrikkelen er eigedomen er eigd av føretak Tysse AS. I tillegg til at de sender inn heimelshavar sitt samtykke til tiltaket, jf pkt 3 i skriv datert 21.06.2023, så må de sende inn firmattest for Tysse AS som ikkje er eldre enn 6 mnd. Der det går fram kven som har signatur rett i føretaket.

De har i søknad lagt ved dokument der naboar har signert på situasjonsplan. For dei naboar der planlagt bustad vert plassert nærare nabogrense enn 4 meter må det sendast inn naboerklæring der det går fram kor nærme grense bustaden vert plassert og kven som evt. skal ivareta brannsikring. Dette gjeld eigedom gbnr 323/29 og evt. eigedom gbnr 323/528. De kan nytte vedlagd skjema.

Vi viser til skriv datert 21.06.2023 der det er gjeve frist for supplering til 19.07.2023. Vi ber om at dokumentasjon vert sendt inn samla, i tillegg til dokumentasjon etterlyst i skriv datert 21.06.2023 ber vi om at søknaden vert supplert med:

1. **firmaattest for heimelshavar, Tysse AS, gbnr 323/569 som dokumenterer signaturrett.**
2. **naboerklæring frå gbnr 323/29 og også gbnr 323/528 dersom bustaden vert plassert nærare grense enn 4 meter.**

Om de har behov for utvida frist kan de be om det innan 19.07.2023

Vennleg helsing

Eilin H. Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 45 32 72 91

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE